



Fyresdal kommune, sektor for kultur og oppvekst

Handlingsplan/rutine når barn blir borte frå Fyresdal barnehage

Tiltak:

Ein vaksen tek ansvaret for situasjonen og fordeler oppgåver.

1. Få oversikt over situasjonen

- a. samle barna, gjerne i garderoben
- b. tel barna og finn ut kven som er borte

2. Avklare kva som er skjedd

- a. sjå på klokka. Merk tidspunkt for oppdaging av at barnet er borte.
- b. spør om når og kor barna sist såg barnet som er borte
- c. avklar når og kor tilsette sist såg barnet som er borte

3. Fordele oppgåver mellom dei vaksne

For å få mest mogeleg effektiv leiting etter barnet må tilsette ta kvar si oppgåve

- a. avklar kven som skal vere saman med barna. Det er ofte nok med ein person om ein er på eit lite, avgrensa og trygt område
- b. avklar kven som skal leite og kor lenge
- c. kontakte styrar etter 15 min.

4. Snakke med dei andre barna om barnet som er borte

For at ikkje dei andre barna skal bli engstelege og forsvinne er det viktig å snakke om at:

- a. nå leitar ein vaksen etter barnet
- b. det beste barna kan gjere er å høyre godt etter kva den vaksne seier og vere saman i gruppa
- c. aktiviser barna med andre ting, medan ein ventar på dei som er ute å leitar.

5. Leite på barnehagområdet

- a. fordel leiteområde mellom dei tilsett. Ein byrjar å leite der barnet sist blei sett.
- b. leit systematisk gjennom avdeling/avdelingar.
- c. leit systematisk gjennom fellesareal/personalareal.
- d. leit systematisk gjennom uteleikeklassen. Del området opp i mindre områder og fordel leiting.
- e. leit systematisk gjennom skogsområdet, leikhytter, leikeapparat, boder og det som går an å gå inn i eller gøyme seg bak

6. Leite utanfor barnehageområdet

Når heile barnehagen og uteområdet er systematisk gjennomgått, må ein utvide leitinga til området utanfor barnehagen. Utvid gradvis leiteområdet.

- a. leit fyrst i området rett utanfor barnehagen

- b. er det farlege områder i nærleiken, t.d vatn, så gå dit og leit.
- c. er det områder i nærleiken som kan friste, skulen/skuleområdet, leikeapparat, dyr og eller anna spanande ting?
- d. er det områder barnet har snakka om å gå til?
- e. kan barnet ha gått heim?

7. Kor lenge skal ein leite?

- a. Er barnet ennå ikkje funne, skal ein **varsle politiet og foreldre. Sjå rutinar for varsling av føresette. Sjå rutine for varsling av politiet.**
- b. barnehagestyrar overtek ansvar for leiteaksjon, evt i samarbeid med politiet
- c. **dersom ein har god grunn for mistanke om kidnapping eller ein farleg situasjon skal ein kontakte politiet snarast mogeleg på tlf 112.**
- d. tilsette fortset leitinga til politiet kjem og overtek ansvaret.

8. Ta seg av dei andre barna

- a. dersom ein ikkje finn barnet innan rimeleg tid og må setje i gang ein større leiteaksjon, skal tilsette fylgje opp resten av barnegruppa.
- b. tilsette skal informere føresette til resten av barna om hendinga etter at politiet er kopla inn.
- c. det er viktig at ein spesielt tek seg av sysken til barnet som er sakna.
- d. evt må tilsette frå barnehagen vere med i leitinga.
- e. politiet vurderar evt kontakt med kriseteam i kommunen.

Vidare arbeid:

- det skal først ein logg i etterkant av leiteaksjonen. Denne skal brukast som dokumentasjon og til debrief. **Sjå mal for logg.**
- Evt. Bruk av kriseteam
- Mediehåndtering. Ansvar: styrar i barnehagen
- Oppfygjing av familie
- Oppfygjing av barn i barnehagen
- Oppfygjing av tilsette i barnehagen
- Informasjon til andre føresette